

Styreleiar Lodve Solholm, Nynorsk kultursentrum

# Årets nynorskbrukarar 2014: artistane Odd og Aasmund Nordstoga

Pristale under opningshøgtida for Dei nynorske festspela 26. juni 2014

Somme har ordet i si makt på ein slik måte at det blir mektig song av det. Årets nynorskbrukarar 2014 gjer det gong på gong, i song etter song.

Prisen *Årets nynorskbrukar* blir tildelt personar eller institusjonar som har synt evne til å bryte med språklege og kulturelle konvensjonar om bruk av nynorsk, som gjennom sitt føredøme eller praktiske arbeid gjer det lettare å vere nynorskbrukar, eller som skaper større allmenn forståing for nynorsk.

Prisen har vore delt ut kvart år sidan 2000 og blir i dag rekna som den fremste nynorskprisen. I år blir prisen delt ut for 15. gong. Prisvinnarane får diplom og kvar sine grafisk blad av Arne Nøst, og prissummen på 100 000 kr deler dei broderleg.

Nynorsk kultursentrum legg vekt på at prisen skal vere tett på saker vi arbeider med og som er særleg viktige for nynorskbrukarane.

Det har vore sagt at nynorsk blei sunge inn i folkesjela med visene av Ivar Aasen og salmane av Elias Blix. Nettopp i visene var det dialektane gjerne kom til syne før 1800-talet, men det var også gjennom skillingsvisene at det danske skriftspråket kom tettast inn på kvardagen til folk flest. Gjennom songen er det mangt som når vidare ut enn gjennom skrift. Nynorsk og dialekt lever godt i folkesongen og gjer det lettare å vere nynorskbrukar. Med sterk kunst, sjarmerande sjølvtrillit og absolutt gehør for samtid og tradisjon er Årets nynorskbrukarar på få år blitt viktige språkbrukarar.

Oppdraget frå Stortinget til Nynorsk kultursentrum er å dekkje alle sider ved nynorsk skriftkultur. I det ligg også at vi gjer krav på å femne om heile landet. Difor gjennomførte Nynorsk kultursentrum 558 arrangement i 55 kommunar i fjor. Vinje var ein av dei kommunane.

I vinter signerte Vinje kommune og Nynorsk kultursentrum ein intensjonsavtale om å utvikle eit litterært senter for dikting, journalistikk og språkleg mangfald til 200-årsjubileet for A.O. Vinje i 2018. Pristildelinga i år er handfast støtte til den austnorske nynorsktradisjonen og eit symbolsk uttrykk for at vi meiner alvor med den avtalen.

Utanfor den bygningen som skal huse Vinje-senteret, står A.O. Vinje i bronse. Han vender seg tvisynt mot barndomsheimen Plassen eit par hundre meter bortanfor på hi sida av vegen. Å ha vakse opp på garden der Dølen kom frå, og å ha vore omvisarar der og fortalt om liv og verk, er ikkje nok til å bli Årets nynorskbrukar, men det skader ikkje saka.

Pengar er storkna mannesveitte, sa Vinje, og der er meir makt i pengar enn i musikk. Den estetiske krafta i stor kunst skal likevel ikkje undervurderast.

For fem år sidan var Den norske Kyrkja på god veg til å stryke Blix-salmen «Upp, gledjest alle» frå den nye salmeboka, men så gjorde Odd Nordstoga salmen til ein slager. Då den nye salmeboka blei teken i bruk i fjor haust, var nettopp denne Blix-salmen den første som blei sunge.

I alle år har vi høyrte «Våren» av Vinje med Griegs idylliske melodi, til Aasmund Nordstoga i Språkåret 2013 tok Vinje heim og viste oss det store alvoret i diktet.

Om det er rock eller stev, vise eller salme, hylling av bestefar eller besteven, leik med tradisjon eller originale linjer som alt er klassiske – Årets nynorskbrukarar gjer det heile.

Difor har styret gjort dette vedtaket:

Prisen Årets nynorskbrukar 2014 går til Aasmund og Odd Nordstoga for konsekvent og stilsikker bruk av dialektfarga nynorsk i mange former for songlyrikk, frå klassikarar til nyskrivne verk som raskt har kome på folkemunne.

Det er ei stor glede for meg å be prisvinnarane kome fram og ta imot synlege bevis på at de er Årets nynorskbrukarar 2014!